



HAFS

Vurdering for utvikling

Rapport



Røverompa barnehage

Veke 46, 11.-14.11.19

Tema: Personalet legg til rette for eit språklig miljø som fremmer språklig mangfald og positive haldningar.

Askvoll, 14.11.19

Lilly Støylen Haveland Torunn Åsnes Hospitant: Gøril Fristad

Innhold:

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5. Framtidsbilete	5
6.Vurderingar	7
7. Spørsmål til refleksjon	13
8. Vidare arbeid	14
Vedlegg:	14
Deltakarar i vurderinga	14
Tidsbruk	14
	14
Metodar	16
	16
Samtaleguidar og skjema	17

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leier arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg.

Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast.

Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen.

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

November 2019

Gøril Fristad

Utviklingsleiar for barnehage og skule
Oppvekst og utdanning i HAFS
Mobil: 92641210
E-post: goril.fristad@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Røverompa barnehage arbeider godt med det språklege miljøet for å fremje språkleg mangfald og positive haldningar. Vi ser og høyrer det på alle avdelingane. Barnehagen har fleirkulturelle barn på alle avdelingane, og legg godt til rette for inkludering av alle. I barneintervju vart det godt oppsummert av eit barn "Alle barna i barnehagen er frå Askvoll!" Barna ser ikkje skilnad på kva bakgrunn barna har, her er alle like mykje verdt. Foreldra er godt nøgde med barnehagen og kjenner at alle, både barn og foreldre, vert sett, høyrte og tatt på alvor. Vi ser barn som trivast og får oppleve glede og meistring i kvardagen, og tilsette som er opptekne av å gjere ein god jobb til beste for barnet.

Barnehagen har ei utfordring i at dei er lokalisert på to stader. Dei har eit gammalt bygg med to avdelingar, i den opprinnelege barnehagen, der inneklimate er dårleg. Dei har også to avdelingar i eit modulbygg, der dei tilsette opplever støyproblematikk inne. Dei tilsette har godt samarbeid innad i avdelingane, men samarbeid på tvers av avdelingane kan vere utfordrande. Barnehagen har fire ulike årsplanar, ein for kvar avdeling, med kvar sin visjon. Dette er også med på å gje eit inntrykk av at det er fire barnehagar i ein.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

Røverompa barnehage er ein 4 avdelings barnehage i Askvoll sentrum, nær både skog og mark, sjø, klatrepark, fotballbane, idrettshall og kommunesenter, og har såleis eit allsidig og rikt nærområde. Barnehagen har inntil 90 plasser og er godkjent for barn i alderen 0-6 år. Barnehagen er delt i to bygg med 350 meter i mellom. Opprinnelig bygg med Blåklokka og Kvitveisen. Barnehagen har eit stort og godt uteområde og nyttar elles nærmiljøet aktivt. Modulbarnehage med Mautua og Marihøna. Mautua er ei uteavdeling med ein utebase like i nærleiken. Barnehagen er open måndag – fredag frå 7.15 - 16.45 og borna har tilbod om 9 timar opphaldstid. Barnehagen har per 14.11.19 52 barn på 65 plassar og 19 tilsette. I fire år har barnehagen vore med på eit kvalitetsarbeid kalla "Beste praksis". I høve dette har dei arbeidd med standardar for kva som er god kvalitet i uteleik, samlingsstund og lesegrupper. I år er tema inkludering og venskap når dei arbeider med språk i uteleik, samlingsstund og lesegrupper. I tillegg til dette er barnehagen med på ei nasjonal satsing om inkluderande barnehagemiljø. Her har personalet fått meir kompetanse i korleis ein oppdagar, varslar og jobbar mot krenkingar i barnehagen. Det har også vore brukt mykje tid på personalmøter i å få kjennskap i Tryggleikssirkelen og den autoritative vaksne. Sidan barnehagen allereie arbeider med temaet, såg ein det som naturleg å kople dette mot den eksterne vurderinga. Ut frå ståstadanalysen fekk barnehagen låg score på det som gjekk på å legge til rette for minoritetsspråklege barn. Barnehagen ynskjer auka kompetanse og bevisstheit rundt arbeidet med mangfald, inkludering, språkmiljø og positive haldningar.


4. Frå vurdering til endring av praksis

Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage. Modellen har fem steg:

- Velje område
- Lage framtidsbilete (kvalitetsmål og teikn på god praksis)
- Hente informasjon
- Gjere vurdering
- Spegle attende

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med eigaren og regionen.

Meir



om ekstern barnehagevurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)

5. Framtidsbilete

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine egne planar.

Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Personalet legg til rette for eit språklig miljø som fremmer språklig mangfald og positive haldningar.

<p>Barnehagen skal bidra til eit inkluderande miljø slik at barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenke, handle og leve på.</p> <p>Rammeplanen for barnehagen s. 9.</p> <p>I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.</p> <p>Rammeplanen s. 48</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Barna opplever at dei blir sett og høyrte og tatt på alvor · Mangfaldet i barnegruppa er synleggjort i det daglege arbeidet med barna · Barna syner trivsel og glede over å vere i barnehagen · Barna blir anerkjende på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka sine
<p>Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.</p> <p>Rammeplanen s. 23</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Personalet vektlegg tid til samtale, lytting og undring saman med barna · Personalet er aktive for å skape gode relasjonar · Personalet legg til rette for at alle barn får oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap · Personalet legg til rette for språkleg mangfald
<p>Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4.</p> <p>Rammeplanen s. 29</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Foreldra bidreg aktivt i arbeidet med språkleg mangfald, mellom anna med å formidle språk og kultur frå sitt land · Foreldra opplever at dei blir sett og høyrte · Alle foreldre får tilbakemelding på korleis deira barn har det i barnehagen · Det er god informasjonsflyt mellom heim og barnehage og barnehagen har eit system for å sikre dette.

<p>Barnehagen er ein lærande organisasjon Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnleggjande i barnehagelova og rammeplanen. Rammeplanen s.37</p>	<ul style="list-style-type: none"> · Det er sett av tid og rom til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling · Det er sett av tid og rom for refleksjon over og vurdering av felles praksis · Barnehagen legg til rette for eit pedagogisk handlingsrom med moglegheit for kreativitet og spontanitet · Barnehagen legg til rette for at det er eit godt fysisk leike- og læringsmiljø både ute og inne
--	--

6.Vurderingar

<p>Kvalitetsmål, barneperspektivet: Barnehagen skal bidra til eit inkluderande miljø slik at barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenke, handle og leve på.</p> <p><i>Rammeplanen for barnehagen s. 9.</i></p> <p>I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.</p> <p>Rammeplanen s. 48</p>
--

1. Barna opplever at dei blir sett og høyrte og tatt på alvor

God praksis:

Barna opplever at dei ofte får gjere det dei vil. Om barna blir trist eller lei seg opplever dei alle at dei får trøyst av dei vaksne. Dei føler også at dei vaksne høyrer på kva dei seier. Eine ungen seier: "Ja, dei gjer faktisk det, nesten alltid. Ikkje når dei kjeftar, då sei dei hold opp med å slå! Men eg har slutta å slå for lengst." Barna støttar også kvarandre f.eks. i leik om nokon ikkje forstår heilt leiken. Då forklarar dei kva dei skal gjere.

Personalet legg tilrette for samtalar der barnas stemme kan kome fram. Dei seier også at faste planar kan vike viss det er noko spesielt barna er opptekne av. Når ein jobbar i barnehage er det å kunne ta barneperspektivet ein viktig del av jobbe. Både Rammeplan for barnehagen, lov om barnehage og barnehageplanar seier at dette er viktig.

Dette kjem fram under dokumentanalyse, observasjon og intervju med barn og tilsette.

2. Mangfaldet i barnegruppa er synleggjort i det daglege arbeidet med barna

God praksis:

Dei fleste barna på stor avdeling veit at nokon kjem frå Syria, Polen, Palestina. Det heng forskjellige flagg på veggene som barna har fargelagt. Barna fortel at dei av og til syng på arabisk og seier arabiske ord. Ein unge seier at alle barna i barnehagen kjem frå Askvoll. Dei utanlandske kjem frå Dale eller Førde. Det er dei vaksne som har misforstått.

Vi ser at det heng tal og bokstavar på norsk og arabisk på veggane. Ord som hei og hadet heng også på forskjellige språk på veggene. Eine vaksne i barnehagen er tilsett som ein tospråkleg ressurs. Alle barna blir inkludert og sett. Dette kjem fram i f.eks. samling, musikk og aktivitetar. Personalet domumenterer ofte arbeidet i garderoben.

Dette kjem fram under observasjon og intervju med barn og tilsette.

3. Barna syner trivsel og glede over å vere i barnehagen

God praksis:

Alle barna viser glede og trivsel i barnehagen. Dei synes det er kjekt, veldig bra og gøy å vere i barnehagen! Vi observerer mykje god leik og barna gir uttrykk for mykje og allsidig leik. Dei tilsette møter blide, glade barn. Ein opplever nesten aldri barn som heng ved porten og vil ut frå barnehagen. Barnehagen får også positive tilbakemeldingar frå foreldra.

Dette kjem fram under observasjon og intervju med barn og tilsette.

4. Barna blir anerkjende på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka sine

God praksis:

Barna opplev at dei vaksne stort sett anerkjenner dei ulike uttrykka deira. Av og til seier dei vaksne at; "vi (barna) må hjelpe dei til å tenke om kva dei skal tenke. Vi prøver å finne ut av det, vi grin og litt sånn. Vi må vise dei vaksne kva vi vil om dei ikkje forstår."

Dei tilsette er opptatt av anerkjenning og å vise tryggleik og tillit. Dei er flinke til å sjå kva barna vil, lese kroppsspråk og vere pålogga. Personalet er opptatt av at barna skal få eige kjenslene sine, få lov til å vere sint, frustrert, sjalu, glad m.m.

Dette kjem fram under observasjon og intervju med barn og tilsette.

Kvalitetsmål tilsetteperspektivet: Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

1. Personalet vektlegg tid til samtale, lytting og undring saman med barna

God praksis:

Dei tilsette fortel at dei brukar myke tid til samtale, lytting og undring saman med barna. Avdelingane er mykje på tur, og då brukar dei mykje tid til å samtale og undre seg saman med barna om det dei opplever og ser rundt seg. Vi såg eksempel på lytting, undring og gode samtaler mellom vaksne og barn i barnehagen, til dømes rundt bålet, i samlingsstund, lesestund og rundt matbordet.

Dette kjem fram under observasjon og intervju med tilsette og barn.

2. Personalet er aktive for å skape gode relasjonar

God praksis:

Barnehagen har jobba med tryggleikssirkelen, og har også arbeidd med dette gjennom kvalitetsarbeidet Beste Praksis. Dei er opptekne av gode, trygge relasjonar. vaksne og barn ser ut til å ha gode relasjonar. Gjennom arbeidet med inkluderande barnehagemiljø er dei også vorte bevisste på det ansvaret dei har for å skape gode relasjonar mellom vaksne og barn og barna imellom.

Dette kjem fram i observasjon og personalintervju

Praksis som kan bli betre:

Medan personalet er svært opptekne av å skape gode relasjonar mellom vaksne og barn og barna imellom, så kan det virke som relasjonane dei vaksne imellom er vorte nedprioritert. Dei tilsette melder om at det er godt samarbeid innad på avdelingane, men kanskje kunne ein tenkt seg at samarbeidet avdelingane mellom og mellom avdelingane og leiinga var betre.

Dette kjem fram under observasjon og intervju med tilsette.

3. Personalet legg til rette for at alle barn får oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap

God praksis:

Gjennom barnehagedagen legg personalet til rette for mange gode opplevingar. Barna opplever glede og meistring i til dømes samlingsstund, lek, samtale og matstund rundt bålet, i dans og song. Vi har sett mange gode eksempel på dette på alle avdelingane. Foreldre fortel at dei kjenner at det er stor aksept for at alle menneske er ulike, til dømes i høve kultur, morsmål og familiesamansetning. Dei kjenner at alle er inkluderte i fellesskapet."Flinke folk!" oppsummerte foreldra til slutt. Barna fortel om vaksne som finn på ting ilag med barna som alle kan vere med på. Blåklokka og Kvitveisen har fellessamling med begge avdelingane ein gong i veka. Barnehagen kunne med fordel hatt fleire aktivitetar på tvers av avdelingane, både "oppe" og "nede".

Dette kjem fram i observasjon, dokumentanalyse, foreldremøte og intervju med barn og tilsette.

4. Personalet legg til rette for språkleg mangfald

God praksis:

Vi ser språkleg mangfald på alle avdelingane i barnehagen. Det heng alfabet og tal på norsk og arabisk på veggane. Også namn på frukt og enkle fraser på arabisk har dei tilgjengeleg på plakatar på veggane og på matbordet. Flagg frå land som tilsette og barn har tilknytning til heng på veggane, og barna kan namna på landa der flagga er frå. Barna fortel at dei kan nokre ord på andre språk. Barnehagen har ein tilsett som snakkar både arabisk og norsk, og som kan fungere som tolk mellom heim og barnehage. I planar ser vi at mangfald blir sett på som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet, og barnehagen har tema innanfor mangfald i planane sine gjennom året.

Dette kjem fram i dokumentanalyse, observasjon og intervju med tilsette og barn.

Kvalitetsmål: Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4.

Rammeplanen s. 29

1. Foreldra bidreg aktivt i arbeidet med språkleg mangfald, mellom anna med å formidle språk og kultur frå sitt land

God praksis:

Barnehagen har invitert foreldra til å bidra i arbeidet med språkleg mangfald. Mellom anna har foreldra servert mat frå ulike land, komme med songar og bilete og lært bort enkle ord og frasar som kan vere nyttige for å kunne snakke med barn på deira morsmål. Barnehagen har teke opp dette som tema på foreldresamtale, og barnehagen har fått til eit samarbeid med nokre foreldre på tema. Foreldra seier at dei tilsette er flinke til å ta kontakt for å invitere dei til å bidra, og at dei spør foreldra har spesielle ønskjer om kva barnehagen skal formidle. Foreldra seier at barnehagen er flinke til å støtte barn med spesielle behov og foreldra deira, til dømes med teikn til tale.

Dette kjem fram i foreldremøtet og intervju med tilsette.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har gjort nokre forsøk på å invitere foreldre med i arbeidet med språkleg mangfald, men har fått lite respons. Mellom anna vart det invitert til ein foreldreverkstad og eit skjema vart utsendt der foreldra kunne gje tilbakemelding på kva dei kunne bidra med. Begge deler fekk lite respons frå foreldra. Foreldra seier at dei kunne vore meir aktive.

Dette kjem fram i foreldremøtet og intervju med tilsette.

2. Foreldra opplever at dei blir sett og høyr

God praksis:

Foreldra seier at dei i stor grad opplever at dei blir sett og høyr, og at ting dei tek opp vert teke tak i av dei tilsette. Tilsette fortel at det er open dialog mellom heim og barnehage.

Dette kjem fram i foreldremøtet og intervju med tilsette.

Praksis som kan bli betre:

Enkelte foreldre fortel at dei tidlegare har sendt brev til leiinga om ting som dei meiner har vore kritikkverdige, i høve mykje vikarbruk. Dei har ikkje fått respons på klagen, og dei ser på det som skuffande.

Dette kjem fram i foreldremøtet.

3. Alle foreldre får tilbakemelding på korleis deira barn har det i barnehagen

God praksis:

Foreldra får daglege tilbakemeldingar som gjeld sitt barn og vil gjerne skryte over dei tilsette her. Dei tilsette seier at dette er noko dei har jobba med, for å sikre at foreldra får daglege og gode tilbakemeldingar. Dei har eit system som sikrar at seinvakta får beskjedar.

Dette kjem fram i foreldremøtet og intervju med tilsette.

4. Det er god informasjonsflyt mellom heim og barnehage og barnehagen har eit system for å sikre dette.

God praksis:

Foreldre og tilsette fortel at det er ulike kanalar for informasjon. Det blir nytta Facebook til å dele bilete og informasjon, noko informasjon kjem på mail og i papirform eller via oppslag, alt etter kva type informasjon det er snakk om. Foreldra seier at all informasjon kjem godt fram via dei kanalane barnehagen har. Barnehagen er stort sett flinke til å informere ved vikarbruk og anna. Foreldra har blitt spurt om dei vil ha månadsbrev på e-post eller i papirform.

Dette kjem fram i dokumentanalyse, observasjon, foreldremøtet og intervju med tilsette.

Praksis som kan bli betre:

Foreldra seier at det er litt ulikt frå avdeling til avdeling kor ofte det blir lagt ut nytt på Facebook. Alle avdelingane skal legge ut noko minst ein gong i veka, nokre gjer det oftare. Dei seier også at kanskje ikkje alle er like glade for at Facebook blir brukt som kanal, det krev at foreldra har ein Facebook-konto. Foreldra kjenner ikkje til at det er noko system som skal sikre informasjonsflyten, men at informasjon kjem fram og at det fungerer. Barnehagen har i dag ein årsplan for kvar avdeling i tillegg til ein generell årsplan for heile barnehagen. Både tilsette og styrar ønskjer ein felles årsplan for heile barnehagen, for å få ein heilskap i barnehagen og framstå som ei eining.

Dette kjem fram i foreldremøtet, i dokumentanalyse og intervju med tilsette.

Kvalitetsmål: Barnehagen er ein lærande organisasjon

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen. Rammeplanen s.37

1. Det er sett av tid og rom til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling
2. Det er sett av tid og rom for refleksjon over og vurdering av felles praksis

God praksis:

Det er sett av møtetid, både personalmøter, avdelingsmøter og ped.leiarmøter til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling, og til refleksjon over og vurdering av felles praksis. På planleggingsdagane er det også sett av tid til dette. IGP-metoden vert nytta som metode i arbeidet på møter. Røverompa barnehage er del av eit kvalitetsarbeid i kommunen som heiter "Beste Praksis". Alle tilsette er med på fagdag ein gong i året. Det ligg bøker og relevant lesestoff på pauseromma, som personalet kan lese i. Dersom nokon har vore på kurs, blir det sett av tid til å dele frå kurset på personalmøter.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette.

Praksis som kan bli betre:

Alle tilsette seier at det blir for lite tid til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling, og til refleksjonar og vurdering av felles praksis. "Det kan vel aldri bli nok tid" som det vart sagt i intervju. Tilsette melder om at møtetida blir brukt mykje til andre ting, som til dømes opplæring i Visma og praktiske ting. Dei seier også at dei synest innkalling kan komme så seint som dagen før, og at dei ønskjer å få den tidlegare. Fleire tilsette seier at dei ønskjer at kompetansen og kvalitetane som dei tilsette sit med, vert nytta betre i barnehagen og at dei får anerkjenning for dei ulike kvalitetane som finst på alle avdelingane.

Dette kjem fram i intervju med tilsette

3. Barnehagen legg til rette for eit pedagogisk handlingsrom med moglegheit for kreativitet og spontanitet

God praksis:

Alle tilsette melder at det er stort handlingsrom for å vere spontane og kreative, og at alle kan komme med idear og forslag til aktivitetar. Dei er gode på å hive seg rundt, og er lydhøyre for barna sine innspel og spontanitet. Planane er lause, og kan flyttast på.

Dette kjem fram i observasjon, dokumentanalyse og intervju med barn og tilsette

4. Barnehagen legg til rette for at det er eit godt fysisk leike- og læringsmiljø både ute og inne

God praksis:

Dei tilsette gjer det beste ut av dei lokala og uteområda dei har tilgjengeleg. Dei tilrettelegg ut frå behov, og avdelingane framstår som oversiktlege og ryddige. Uteområdet til Marihøna er i utgangspunktet flatt og lite utfordrande, men dei har fått gjort mykje ut av lite. Avdelinga har no fått på plass ein gapahuk/uthus med bål plass og fått utvida litt med nokre tre som kan vere fine å klatre i. Barna får ulike utfordringar med apparat og liknande som er komme på plass etterkvart.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med dei tilsette

Praksis som kan bli betre:

Innemiljøet ber preg av mykje støy og lite lyddemping i brakkebygget. I den opprinnelege barnehagen er det dårleg inneklima, som fører til at dei no driv på dispensasjon. Barnehagen treng betre lokaler og det er svært gledeleg at det er planlagt ny barnehage ferdig i 2022. Slik det er no, med to ulike lokalitetar, framstår heller ikkje barnehagen som ei eining.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med tilsette.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Informasjon/ samle barnehagen	Ein felles årsplan for heile barnehagen, med ein felles visjon. Korleis og kvifor?
	Forventningsavklaring i personalgruppa. Kven er leiinga? Kven har ansvar for å få ut informasjon? Har tilsette sjølv eit ansvar for å tileigne seg informasjon og oppdatere seg?
Språkleg mangfald	Hald ut og hald fram det gode arbeidet. Korleis utvikle det vidare?
	Kartlegging av dei tilsette sin kompetanse, korleis nytte og utvikle kompetansen i det vidare arbeidet?

8. Vidare arbeid

Innan ein måned etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein måned etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato: Askvoll, 14/11-19


Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS


Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Barn, tilsette, foreldre

Eksterne: Lilly Støylen Haveland, Torunn Åsnes, Gøril Fristad (hospitant)

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 21	Møte med utviklingsleiar i barnehagen	utviklingsleiar
Veke 20	Bestemme tema for vurdering	Barnehagen
Veke 40	Føremøte med vurderarane	Vurderarane
Veke 42	Godkjenning av framtidsbilete	Styrar
Veke 46	Vurdering	Vurderarane

Tidsplan:

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag
Obsevasjon Marihøna før kl. 10.00 Maurtua frå 10.00-12.00	Frå kl.9.00 Alle 3.gruppene Intervju barn Ca. 1 time	Observasjon	Vurderarane skriv
Intervju av vaksne nede. Kl. 12.30 Gruppe 1 Gruppe 2		observasjon	

Observere Nede frå kl. 14.30	Intervju vaksne oppe Gruppe 1. frå. Kl.10.00 Gruppe. 2 og 3 Frå kl. 12.30	Kl. 14.00 Intervju Styrar	Legge fram rapport for styrar kl. 15.00
Foreldremøte kl. 19.00 Oppe.			Personalmøte kl.17.00 Foreldre representanten Med på møte

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

- Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einskilde barnehagen. Analysen vert nytta for å velje ut tema for vurderinga.

- Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

- Påstandsskjema
- Observasjon
- Verktøy for vidare informasjonsinnhenting
- Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna
Samtaleguide for foreldra
Samtaleguide for personalet
Observasjonsskjema

Tema: Personalet legg til rette for eit språkleg miljø som fremjar språkleg mangfald og positive haldningar.

Vi er på besøk i bhg for å finne ut korleis dei vaksne snakkar og leikar med ungane. Vil dykk hjelpe oss med det?

Barna opplever at dei blir sett og høyrte og tatt på alvor

1. Viss det er noko spesielt du har lyst til å gjere i barnehagen, kva syns dei vaksne om det?
2. Viss du blir lei deg eller sint for noko, kva gjer dei vaksne då?
3. Føler de at dei vaksne høyrer på kva de seier?
4. Kva skjer om eit barn ikkje forstår leiken, men har lyst til å vere med?

Mangfaldet i barnegruppa er synleggjort i det daglege arbeidet med barna

5. Er det barn ifrå forskjellige land i barnehagen dykkar?
6. Brukar dei vaksne å snakke om at barna kjem ifrå forskjellige land? Kva gjer og seier dei vaksne ?
7. Kan de seie noko på eit anna språk?
8. Kva finn dei vaksne på som alle ungane kan vere med på?

Barna syner trivsel og glede over å vere i barnehagen.

9. Kva synest de om å vere i barnehagen, er det kjekt?
10. Kva synest de er kjekt å leike i barnehagen?
11. Kva leikar de når de er i barnehagen?

Barna blir anerkjende på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka sine.

12. Synest de at dei vaksne forstår kva de meiner og vil alltid, for eksempel vist de er sint eller lei?
13. Kva skjer viss de ikkje greier å forklare noko? (prøver dei vaksne å forstå og snakke med dykk?)
14. Kor tid høyrer ikkje dei vaksne på dykk?
15. Kor tid høyrer dei vaksne på dykk?

Alle foreldre får tilbakemelding på korleis deira barn har det i barnehagen.

16. Kor tid snakkar dei vaksne i barnehagen med mamma og pappa? Kva snakkar dei om?

Barnehagen legg til rette for at det er eit godt leike- og læringsmiljø både ute og inne.

17. Viss de ville ha noko annleis i barnehagen, kva skulle det vere?

Spørsmål til foreldremøte Røverompa barnehage 11.11.19.

1. Drøft følgjande påstand

Foreldra bidreg aktivt i arbeidet med språkleg mangfald, mellom anna med å formidle språk og kultur frå sitt land.

2. I kva grad kjenner de at de vert sett og høyrte i barnehagen?

3. Drøft følgjande påstand

Alle foreldre får tilbakemelding på korleis deira barn har det i barnehagen.

4. Korleis er informasjonsflyten mellom heim og barnehagen? Har barnehagen eit system for å sikre god informasjonsflyt mellom heim og barnehage?

5. Drøft følgjande påstand:

Personalet legg til rette for at alle barn får oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.

Røverompa bhg 2019 Intervjuguide personale.

Kvalitetsmål barneperspektivet

1. Vert alle barn sett og høyrte og tatt på alvor i barnehagen? Fortel korleis
2. Korleis er mangfaldet i barnegruppa synleggjort i det daglege arbeidet med barna?
3. Syner alle barna trivsel og glede over å vere i barnehagen? Fortel korleis
4. Korleis vert barna anerkjende på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka sine?

Kvalitetsmål tilsetteperspektivet

5. I kva grad vektlegg de tid til samtale, lytting og undring saman med barna?
6. Er personalet aktive for å skape gode relasjonar? Fortel korleis
7. Korleis legg de til rette for at alle barn skal få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap?
8. Korleis legg de til rette for språkleg mangfald?

Kvalitetsmål foreldreperspektivet

9. I kva grad er foreldra aktivt med i arbeidet med språkleg mangfald i barnehagen?
10. Korleis vert foreldra inviterte med i dette arbeidet?
11. Korleis og i kva grad får foreldre tilbakemelding på korleis deira barn har det i barnehagen?
12. Korleis er informasjonsflyten mellom heim og barnehage?
13. Kjenner du til om barnehagen har eit system for informasjonsflyt mellom heim og barnehage?

Kvalitetsmål Barnehagen som lærande organisasjon

14. Er det sett av nok tid og rom til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling?
15. På kva måte skjer kompetanseutvikling og kunnskapsdeling?
16. Er det sett av nok til og rom for refleksjon over og vurdering av felles praksis?
17. I kva grad legg barnehagen til rette for eit pedagogisk handlingsrom med moglegheit for kreativitet og spontanitet?
18. I kva grad legg barnehagen til rette for at det er eit godt fysisk leike- og læringsmiljø både ute og inne?
19. Er det noko du vil tilføye som gjeld tema?

Vi vil gjerne ha dykkar tankar om temaet. Det finst ikkje fasitsvar!

Observasjonsskjema Røverompa bhg 2019

Barna vert sett og høyrte og tatt på alvor	Mangfaldet i barnegruppa er synleggjort i det daglege arbeidet med barna
Barna syner glede og trivsel over å vere i barnehagen	Barna blir anerkjende på dei ulike verbale og ikkje verbale uttrykka sine

Personalet vektlegg tid til samtale, lytting og undring saman med barna.	Personalet er aktive for å skape gode relasjonar
Personalet legg til rette for at alle barn får oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellsskap	Personalet legg til rette for språkleg mangfald
Foreldra bidreg aktivt i arbeidet med språkleg mangfald, m.a. med på formidle språk og kultur frå sitt land	Alle foreldre får tilbakemelding på korleis deira barn har det i barnehagen
Det er god informasjonsflyt mellom heim og bhg og bhg har eit system for å sikre dette	Det er sett av tid og rom til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling

Det er sett av tid og rom for refleksjon over og vurdering av felles praksis	Bhg legg til rette for eit pedagogisk handlingsrom med moglegheit for kreativitet og spontanitet
Bhg legg til rette for at det er eit godt fysisk leike- og læringsmiljø både ute og inne	

